



Tormod Fossheim: - Ein stadanalyse tillet ein å tenkja høgt og fritt.

Kvinnherad har gode erfaringar med stadanalysar og no er det Uskedalen sin tur. Som eit resultat av at temaet var oppe i Gamleskulen i kveld vil det bli sendt eit brev til dei politiske gruppeleiarane om saka. Håpet er at det vil bli løyvd pengar til føremålet alereie på 2011-budsjettet sjølv om rådmannen allereie har lagt siste hand på dette.

Ein antatt pris er 200.000 kroner.på bakgrunn av erfaringane med dei analysene som er laga forHusnes, Sunde og Sundal og som har kosta 200.000-300.000. Husnes og Sundal har fått dekt ein tredel av utviklingsmidlar frå fylkeskommunen medan kommunen har løyvd resten. Magne Huglen meinte at den aktuelle løyvinga i dette tilfellet er småpengar på eit kommunebudsjett.

- Ein stadanalyse er ikkje juridisk bindande og i ein slik er det tillete å tenkja høgt og fritt. Ikkje la noko begrensa tankane, sats gjerne på store vyer. Det er ikkje sikkert at det som står i analysen, til dømes om ei svær utbygging på jorden til Torfinn Myklebust, vert noko av, sa verksemdsleiar Tormod Fossheim i orienteringa si om kva ein slik analyse er.

Han gjekk inn for bruk av stadanalyse når ein vil skapa interessante prosjekt Ein slik analyseer ein kunnskapsbasert analyse som ser både på historia, nosituasjonen og framtidsmogelegheitene. Kvinnherad har til no nytta konsulent til denne jobben fordi det ikkje er nokon med kompetanse til å ta seg av oppgåva her.

Kristian Olav Bringedal minna om kva som står i ein økonomiplan - at det no er Uskedalen sin tur til å planleggja ein sentrumsutvikling. Men Fossheim ville ikkje begrensa seg til sentrum, han meinte at heile bygda burde handsamast i ein analyse.

- Det er naturleg at det meste handlar om sentrum, men analysen må også til dømes koma inn på landbruket sin plass, kultur og fritid, understreka han. .

Torfinn Myklebust medga at uskedelingane er seint ute med denne saka politisk med tanke på løyving no, men han stilte seg positivt og var einig i at Uskedalen no står fortur. Han var interessert i fylkesmannen si rolle og Fossheim svara at han sjeldan legg seg opp i handsaminga av ein stadanalyse. Men det hender at fylkesmannen brukar analysen som det passar.

-Analysen kan nyttast begge veger, men også svært positivt, sa verksemdsleiaren.

Sveinung M. Pile orienterte om Festidalen og opplyste at det no sit att berre 3 i styret. Det vil bli halde eit folkemøte i januar/februar om festivalens vidare skjebne.. Det var like før styret vart oppløyst, men påtrykk frå Uskedalen utløyste ein ny freistnad..

-Vi må setta opp ein meir levedyktig organisasjon, som har evnen til å rekruttera undervegs og ikkje berre fungerer som ein kameratgjeng, sa Pile.

Han meinte at både kommunen og næringslivet bør forplikta seg meir men at det også må stillast krav til enkeltpersonar.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Sveinung M. Pile varsla folkemøte om Festidalen etter jul